

REGULERINGSBESTEMMELSER

Hyttefelt I - Færden 69/1 – Vaset

26.04.1999

15.03.2000

Generelt:

Desse reguleringsbestemmelsene gjeld for området benevnt "Hyttefelt I - Færden 69/1 - Vaset", som er vist på plankart i målestokk 1:1000.

I samsvar med §25 i Plan- og bygningslova (PBL) blir området regulert til fylgjande formål:

- Byggeområder - hytter
- Spesialområder - private vegar, friluftsområder, fareområde
- Fellesområder - adkomst

§ 1. BYGGEOMRÅDE FOR HYTTER (H 1 - H 15)

- a) Området skal tilknyttas kommunalt vatn- og kloakkanlegg, og nye hytter skal tilkoples felles ledningsnett etter kvart som dette blir utbygt i området. Det vil seie at unntak om tilknytningsplikt for fritidsbebyggelse etter PBL's §82 ikkje skal gjelde; PBL's §§65 og 66 om tilknytningsplikt skal såleis gjelde fullt ut for nye hytter i området.
- b) Tekniske anlegg for vatn, avløp, straum, TV, telefon mv., skal leggjast i grunnen. Plan for fellesanlegg skal vera godkjent av kommunen, E-verket mv. før graving blir igangsett.
- c) Innanfor byggeområda er maksimalt tillatt utnytningsgrad sett til TU=15% med unntak av H2 der TU=12%. Utnyttinga kan skje ved fleire bygg, men desse skal eventuelt plasserast i tunform. Tomt H2 kan ikkje byggjast ut før høgdpentledningen som går over tomta, vert lagt i jordkabel.
- d) Bygningar skal ha saltak med takvinkel mellom 22° og 34°.
- e) Mønehøgde over planert terreng må ikkje overstige 7,0 meter.
- f) Ved søknad/melding om tiltak, jfr. Kap. XVI i PBL, skal det medsendast situasjonskart som viser planlagte og aktuelle framtidige byggetiltak; kartet skal være i målestokk 1:500.
- g) Inngjerding er ikkje tillatt, men det kan allikevel inngjerdast inntil 0,6 da av kvar hytte-tomt under forutsetning av at gjerde ikkje hindrar den frie ferdsla i området.. Gjerdematerialer skal vera av tre, grind skal vera utadslåande og gjerde skal vera utført slik at. dette ikkje er til fare for dyr eller mennesker.
- h) Den til einkvar tid gjeldande renovasjonsordning for kommunen skal nyttast.

§ 2. SPESIALOMRÅDER

2.1 Privat hovedveg.

- a) Vegområdet er regulert med ei total breidde på 15,0 meter; 7,5 meter til kvar side for vegen rekna frå senterlinja til vegen. Ny veg er vist med senterlinje på plankartet, medan eksisterande veg ikkje er vist med senterlinje.
- b) Ny veg skal opparbeidast med kjørebanebreidde 5,0 meter inklusive vegskulder.
- c) Byggegrense langs vegen er 11,5 meter rekna frå midtlinja til vegen. I H1 og H2 er byggegrensa 10 meter til hyttefeltvegen, og 12,5 meter til stølsvegen.
- d) Skråningstopp/-fot kan om nødvendig leggjast utanfor formålsgrensa til vegområdet.

2.2 . Privat sekundærvæg.

- a) Vegområdet er regulert med ei total breidde av 8,0 meter.
- b) Inanfor området går eksisterande adkomstveg.

2.3 Friluftsområder (F1 - F14).

- a) Innanfor områda kan det føretakast tynningshogst og pleie av skogen. Snau-/flatehogst av skogen er ikkje tillatt.
- b) Innanfor områda er det byggeforbud med unntak av anlegg/bygningar for tekniske tiltak (straum, vatn/avløp, tv/telefon ol.)

2.4 Fareområder.

- a) Gjennom området går eksisterande høgspenlinje.
- b) Området er regulert med ei breidde på 7,5 meter til kvar side for midtlinja til høgspenlinja.
- c) Innanfor fareområdet er det byggeforbud; dvs. til 6,0 meter vassrett ut frå ytre fas til høgspenlinja.

§ 3. FELLESOMRÅDER.

3.1 Adkomst.

- a) Felles adkomstveg kan opparbeidast med ei kjørebanebreidde på inntil 3,5 meter inkl. vegskulder.
- b) Felles adkomstveg kan nyttast av tilstøytande hyttetomter og eigar av 69/1.

§ 5. GENERELLE FØRESEGNER.

- a) Ved inngrep i terrenger, grøftegraving mm., skal terrenget førast attende til tilnærma opprinneleg form. Planering og tilsåing skal utførast straks arbeidet er avslutta.
- b) Dersom det ved tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjende, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona rundt dei på fem meter, jfr. Lov om kulturminne §8. Melding skal snarast sendast kulturvernstyresmaktene i Oppland fylkeskommune slik at vernestyresmaktene kan kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram og eventuelt vilkåra for dette.
- c) "Byggeskikkrettleiar for Vestre Slidre" vedteke av kommunen i sak THU-106/95, skal vera retningsgjevande ved handsaming av dispensasjonar etter §7 i PBL.